

Ljosglytt

Helsing frå Framnes



*Ein vakker dag, med utsikt frå Framnes mot Hardangerfjorden.
Foto: Maren Fylkesnes Ørjansen*

Jul, jul, strålande jul!

Det er kveld i starten av desember, og den fyrste smaken av vinter fyller lufta.

Sola er blitt bleik etter sommaren, og reklamane har alt i lengre tid forkynt den glade budskapen om kva mor og far ynskjer seg til jul. Julemarsipanen er tilbake i hyllene, og eg tvilar nesten på om den rakk å koma seg ut frå hyllene i mai, før den kom tilbake.

Butikkane bognar i julegåvetips, julepynt og juleklede for ein kvar smak. Julebordet skal reserverast i september, og stakkars den som ikkje rekk alt dette i tide. Stressa uttrykk hjå forkava foreldre som dreg sutrande born etter seg forbi endelause rekkjer av glitrande butikkvindaug, er inntrykk eg sit att med ein vanleg handlekveld i førjulstida. Slik går dagane i ein rasande fart, pulsen går hardt og nakken er øm. Å, kor me gledar oss til jul.. Er det slik me vil ha det, eigentleg?

Når butikkane er stengde for kvelden, alle folka er komne i hus, og glitter og julelys er sløkt, kjem stilla til sin rett. Den stille, klare vinterlufta snik seg innpå, medan stjernene vert tende på kveldshimmelen. I slike stunder, når stjernene slår seg på, kjem jula brått so



nær, med det høgtida eigentleg dreiar seg om. Stjernene som blunkar til oss på den svarte natthimmelen, minnar meg om Betlehemsstjerna. Den store Betlehemsstjerna som viste vegen fram til barnet i krybba, håpet og gleda, for all ettertid.

Stilt opp mot budskapen om Jesusbarnet i krybba, stjerna som skein og englane som song om fred på jord, tapar det andre verdi. Julemarsipanen vert turr, glitter og julelys sloknar og julegåvene

bleiknar i samanlikninga. Den største, beste og mest verdfulle julegåva som finst, vart gitt for over 2000 år sidan. Ho var til oss alle, gratis. Alt me treng å giera er å ta i mot. Den store stjerna som steig i aust med ljøs over verda, tende vår von for framtidsferda i heimsens mørke haust. Den store stjerna gjer oss fri med sitt bod no ved juletid.

God jul!

Statusrapport frå rektor

I haust starta me skuleåret med 259 elevar. På tredje trinnet begynte 82 elevar, 85 elevar på andre trinnet og 92 elevar på første trinnet.

Elevane fordeler seg over 3 klassar på kvart trinn, totalt 9 klassar. Det er 62 tilsette ved skulen.

Skulekvardagen er mangfoldig og krevande. Mange tilsette strekkjer seg langt for at elevane skal oppleve tida ved Framnes meningsfull og god. Ei undersøking i fjor vinter viser at elevane trivest svært godt saman med lærarane sine. I år kan me også glede oss over at me har heile fem miljøarbeidarar i tillegg til skulepresten. Me kan også glede oss over ein svært kjekk elevflokk. Dei yrer

av liv og livsmot (og som gjev ulike, av og til ukontrollerte(?), utslag). Og dei er medvitne sitt ansvar som medmenneske. Det er godt å oppleve.

Det er ikkje alt som vert gjort på Framnes som er like godt synleg. Men det som vert gjort av vedlikehald, er



Frå opningshelga i haust.

lettare å sjå. Me har mala utvendig i to sesongar no. Skulebygget er blitt fint og har fått tilbake sin friske raude farge (og her har me også skifta vindaugsfasaden mot aust), og Gamelsalen er blitt mala. Dessutan pågår eit oppussingsarbeid på Framheim, som nok ikkje vert ferdig før om eit par års tid.

Me har mange møte ved skulen. I skrivande stund er det ei minimøteveke ved Marit og Ragnhild frå Samskipnaden, i november kjem ImF-teamet med forkynnar, og me har møte onsdag og søndag. Mange elevar deltek, og eg vonar at dette arbeidet vil vere det som får størst betydning for elevane våre.

Tekst: Harald Voster



Ljosglytt er eit blad for alle Framnes-vener, gamle og nye!

Adresse:
Ljosglytt
Framnes kristne vidaregåande skule
5600 Norheimsund
Telefon: 56 55 05 00
E-post: postmottak@framnes.vgs.no
Giro: 7874. 05. 37554

Redaksjon:
Lars Arvid Oma (post@laoma.no)
Eimund Solsvik (eimund.solsvik@framnes.vgs.no)
Magne Kolstad (magnekolstad@hotmail.com)
Linda Augestad Lindås (gladfjes@yahoo.com)
Solgunn Eide (sol_eide@hotmail.com)
Per Helleve (phelleve@online.no)
Mona Lene Økland Hareide (lohareid@broadpark.no)
Jostein Moldsvor (jostein.moldsvor@framnes.vgs.no)

Adresser:
Berit Hope Byrkjeland
Rekneskap:
Linda A. Lindås

Ansvarleg utgjevar:
Elevlaget i samarbeid med redaktør.

Opplag:
2000
Kjem ut to gonger i året, ved juletider og på vårparten.
Deadline: 1. november og 1. april.

Grafisk framstilling:
Lars Arvid Oma

Trykk:
Øystese Trykkeri

Har du bidrag til bladet, eller innspel, ta gjerne kontakt med:
Linda Augestad Lindås, 55 22 74 61 el. gladfjes@yahoo.com.
Eller send det med vanleg post til Framnes kr. vgs, 5600 Norheimsund, merka med "Ljosglytt." Melding om adresseendring kan sendast til Framnes pr. post eller e-post.

Nye lærarar

Hei, eg heiter **Torunn Åsebø** og er 34 år. Eg kjem frå Norheimsund, men flytta i somar tilbake hit etter 15 år andre stader. Dei åra var fylt med mellom anna folkehøgskule, studier i biologi og kjemi ved NTNU og UMB, giftarmål og 2 ungar, arbeid på UMB, Radiumhospitalet og KVT i Trondheim. No underviser eg i naturfag og kjemi her på Framnes, og tida mi utanom jobben (det vesle som er att?) er fylt med familieaktivitetar og musikk!



Inger Marie Blom Bonifacio er frå Øygarden. Ho er allmennlærer, og har i tillegg utdanning i interkulturell forståelse frå NLA/Bergen. Har mellom anna vore eittåring i NLM/Agder krets. Var i Bolivia i tre år, der ho gifta seg med Allan. Vart tilsett på Framnes i haust og underviser i spansk.



Mitt namn er **Maria Kaldestad**. Eg er 25 år, kjem opprinneleg frå Stord, men gjekk vidaregåande på Framnes. Etter Framnes begynte eg på Hald internasjonale senter i Mandal. Her fekk eg moglegheit til å reisa til Kenya og bu der eit halvt år. Ferda gjekk vidare til Bergen der eg studerte nordisk, før eg flytta til Kristiansand for å ta engelsk og PPU. No underviser eg i norsk og engelsk i 1. klasse. Det er kjekt å få komma tilbake til Framnes som lærar. Eg er gift med Arne Kaldestad, og saman har me Andrea på 1 år. Ho har allereie funne seg vel til rette blant alle leikekameratane nede på Framnestunet. Me likar oss godt her alle tre, og ser fram til tida som kjem!



Nye på kjøkkenet

Framnes har også fått to nye medarbeidarar på kjøkkenet, **Vivian Flotve** og **May-Britt Røyrvik**. Begge er frå bygda og er tilsett som kjøkkenassistentar. I tillegg har May-Britt litt ansvar for koking.

Ikea-kjøkken til Framnes

IKEA Åsane har i lengre tid hatt eit utstillingskjøkken ståande på Flesland. Då reklameavtalen deira med Avinor gjekk ut, bestemte IKEA seg for å gje bort dette kjøkkenet til ein organisasjon som fortener det. Ein tidlegare Framneselev, no IKEA-konsulent, tipsa Miljøavdelinga om konkurransen og oppmoda oss til å senda ein søknad.

Me delte ønsket om å driva ein kafe på Framnes, som er både miljøskapande på ein liten skule og i ei lita bygd, samstundes som inntektene går til vårt fantastiske misjonsprosjekt i Haydom, Tanzania. Dette fall i god jord på Nyborg.

Fire veker seinare er me eit kjøken rikare og svært klar for offisiell opning av kaféen etter haustferien. Kjøkkenet har ein verdi på ca 70 000kr og inneheld både kvitevarer, service, bestikk og det meste ein treng i skuffer og skap på eit kjøkken.

Tekst: Andreas Sørås



Miljøavdelinga 2010 - 2011

Vi er Framnes sin nye miljøavdeling for skoleåret 2010/2011.

I år har Framnes satset stort, vi er dermed ikke mindre enn fem miljøarbeidere! Mellom miljøarbeiderne har vi to T2-studenter ved Bildøy bibelskole som har Framnes som sitt praksissted. Disse to studentene er Andreas Sørås, tidligere elev og miljøarbeider på Framnes, og Kristina Ingvaldsen som har vært elev på KVS Lyngdal. Thomas Byrknæs jobber på skolen som sivilarbeider, og Håkon Lyngøy og Silje Leikvoll er fulltidsansatte miljøarbeidere. Alle sammen er tidligere Framnes elever.

Her på tunet skjer det mye kjekt. Miljøavdelingen stiller som oftest opp



Andreas



Kristina



Thomas



Håkon



Silje

Tekst:
Andreas,
Kristina,
Thomas,
Håkon
og Silje

med opplegg for elevene nesten hver eneste dag på skolen, slik at det blir nok å velge i. I ukedagene blir det blant annet arrangert møter, KRIK, innebandy og annet smått, mens vi i helgene arrangerer mer større arrangementer. En helg i måneden arrangerer vi storhelg som i år kalles for sickawakaweekend! Og hittil har vi blant annet hatt kjempe-Ligretto og Bad-Taste party. Noe som vi ser på som vellykket.

Vi i miljøavdelingen er opptatt av å inkludere elevene i et kristent fellesskap, og så langt har vi fått opprettet ulike tjenestegrupper som har ansvar for hvert møte hvor de stiller med alt fra pynting til

lovsang. Her er det mange elever som er engasjerte. Vi har også tilbud om belgruppe hvor elevene kan få komme på besøk til ulike ansatte ved skolen for en hyggelig sosial kveld med bibelen i fokus.

Ellers har vi en miljøbrakke hvor vi "henger" på formiddagen og gjør diverse kontorarbeid, men som også er åpen for elever som måtte ønske en samtale. På ettermiddagen "henger" vi rundt på tunet og internatene dersom det ikke er mye annet arbeid som må gjøres.

På Framnes trives vi veldig godt og synes vi er heldige som får jobbe med flotte elever og personale.

Fakta frå kjøkenet

På Framnes vert 220 internatelevar mette i magen via fire måltid kvar einaste dag. I tillegg et heime-og hybelbuarar dei måltida dei ynskjer:

...det går med 50 brød kvar dag.
...elevane drikk 600 liter mjølk i veka.
... til ein middag brukar kokka 40 kilo kjøttkaker/kabonader/pølser eller fisk.
...1000 pannekaker + 25 kg bacon + ca 12 kg blåbersyltetøy går med når dette er på menyen.
... ca 85 l lasagne +salat og brød utgjør ein populær middag.
...ca 20 l havregraut et elevane til lunsj kvar dag.

...på Framnes kokar ein aldri mindre enn 45 kg poteter til ein vanleg middag.
...favorittrettane til elevane er litt forskjellig, men populært er: lasagne, pizza, pannekaker, kjøttsaus og pasta. Eigentleg alt som har med pasta å gjera.

På kjøkkenet jobbar Berit Jørgensen (kjøkkenleiar), Åse Rykkje (kokk), May Oline Opsahl-Engen (kokk), Eileen Vesterheim (kjøkkenassistent + helgekokk), May-Britt Røyrvik (kjøkkenassistent + helgekokk), Anne Lise Håland, Agnethe Gule, Herborg Fredheim, Carmen Balaia og Vivian Flotve (alle kjøkkenassistentar).
...julestria betyr at kjøkkenet pyntar med

lys, englar, julekrybbe og anna i adventstida. Kjøkkenet baker ikkje sju sortar, men tre-fire prøver dei å ordne til juleavslutninga. Elevane baker også ein dag før jul, då helst pepperkaker.
...kjøkkenet kan skryta av at dei aller fleste elevane er veloppdragne og takkar for maten!

Så var det den gode kjøkkenhistoria; Me hadde jo han som gjekk ut for nokre år sidan, og som hadde gått på Framnes i to og eit halvt år før han oppdaga at det var varme rundstykke og kokt egg til frukost om søndagane. Etter den openberinga gjekk han ikkje glipp av ein einaste søndagsfrukost det siste halvåret!

(Gjengjeve av Linda Lindås etter fakta frå Berit Jørgensen og May Oline Opsahl-Engen.)



Herborg Fredheim (t.v.), May Britt Røyrvik og dei andre damene på kjøkkenet veit kva dei held på. Det nyt elevande godt av.

Foto: Linda Lindås

Misjonsprosjektet 2010 - 2011 | Chrisc



Sport og lek skaper alltid glede og engasjement, og kan være en konstruktiv vei ut av fattigdom.

Viser vei ut av fattigdom med sport og lek

Hvert år er avgangskullet på Framnes ansvarlig for å samle inn penger til en veldedig organisasjon som jobber med misjon.



Johannes Ødegård

Dette prosjektet blir kalt for misjonsprosjektet, og vi i avgangskullet for 2011 har valgt å støtte CHRISC sitt arbeid.

CHRISC står for Christian Sports Contact og er søsterorganisasjonen til KRIK. De bruker sport og lek for å samle ungdom og gi mening i en ellers ofte meningsløs tilværelse. Samtidig gir de ungdommene utfordringer, ansvar og ledertrening – slik at de selv kan bidra til en bedre fremtid.

Men misjonsprosjektet er mer enn å få mest mulig penger inn på prosjektkontoen. Det er med på å skape samarbeid og relasjoner på tvers av klasser og trinn på Framnes. For skal vi nå vårt mål om å samle inn 600.000 kroner må vi ha engasjerte elever fra alle klassene på skolen.

Skal vi i tillegg nå vår drøm om å samle inn over 1 million trenger vi

også hjelp fra flere enn bare oss elever. Vi trenger hjelp fra foreldre, venner, bekjente – og deg.

For én ting er sikkert: Det er ikke alle i verden som har de samme mulighetene som vi har. Når jeg er ferdig på Framnes kan jeg fortsette med høyere utdanning – eventuelt kan jeg legge beina på bordet og be om statsstøtte. Slik er definitivt ikke situasjonen for barn og ungdom i Øst-Afrika. Vil du lese mer om prosjektet kan du gå inn på www.misjonsprosjektet.no

Vil du støtte prosjektet vårt, så har vi kontonr. 3530.24.24282

Johannes Ødegård,
misjonsprosjektleder

Framnes – 5 år etter

Mjølke i bein og armar

Som mitt minne frå tida på Framnes, vil eg fortelja om ein middag. Men eg lyt byrja i ein annan ende: Ein vårdag det siste året eg gjekk på skulen, var alle mann alle på skitur på Kvamskogen. Løypevala for dagen hadde utgangspunkt i Furudalen, og so var det opp til kvar enkelt om ein ville ta den korte turen til Negerlandsbyen, ein dal godt likt av dei som står på ski for å raskast mogleg finna ein stad kor ein kan jobba med å verta brun i barken, eller om ein ville sveitta seg opp til Tveitakvingen sine trettenhundre høgdemeter. Sjølv om tåka kom sigande utover førmiddagen, var me ein god gjeng som tok turen heilt opp. Nedkøyringa gjekk unna, og mjølkesyra rakk å bita seg godt fast i låra til ein middels trent allmennklassing.

Det låg alltid ei spaning knytt til kva mat me fekk på Framnes. Til frukost låg spaninga i om ein var av dei tju fyrste som vakna til eit nokonlunde variert brødutval. Eg var heldigvis ofte ein av dei. Lunsjen bestod av maiskornflak og havregraut kokt på vatn, men kvar måndag var det like uvisst om det var risgrautrestar att frå laurdag, og ikkje minst, kven som var sterk nok i køen til å få fatt i grauten. Eg var heldigvis ofte ein av dei. Ei lokal kokebok vart hyppig nytta til middagslaging, med tidvis spanande resultat. Den mest eksotiske retten må ha vore kjøkenet si Cowboygryte, som var ein rett sett saman av restar frå den siste veka sine middagar. Smaken var noko opp og ned frå gong til gong, naturleg nok, men i det minste sikra retten oss eit variert kosthald. Kort



Ole Kristian Drange

sagt so var eg altso spand før mange måltid, og middagen eg lengta etter då eg bussa ned mot Framnes denne nemnde vårdagen, var ikkje noko unntak.

Då eg kom inn i matsalen, slo det mot meg med det same at noko måtte vera gale. Køen mot kjøkenluka var borte. Forklaringa låg servert på midtbordet i matsalen; ost og kjeks. Og druer, om ein var av dei tju fyrste. Eg var ikkje ein av dei. Kjøkenet hadde plakatt på tavla si om at me denne dagen, 7. mars 2005, skulle feira Osten sin dag på Framnes. At det var kring eit halvår til den internasjonale Osten sin dag, eller at det denne dagen hadde vore skidag, stod det ingenting om.

”Det meste i livet går man glipp av, uansett”, proklamerte ein professor i sin opningstale ved min fyrste dag på universitetet. Eg trur han har rett. Då eg gjekk på Framnes, tenkte eg stundom på kva eg gjekk glipp av ved å gå på

internatskule, som å kunna laga middagar eg sjølv ynskte, kunna vera ute etter halv elleve på kveldane og å ha ei noko ryddigare stove enn kva ein får til når ein deler stove med tju andre gutar. Kvar vil eg hen? Jo; eg vil seia at sjølv om eg nok gjekk glipp av mykje ved å gå på Framnes, er eg viss på at eg hadde gått glipp av meir om eg ikkje hadde hatt mine tre år på halvøya i Kvam. For det var grunnar til at eg friviljug gjekk på internatskulen. Eg fekk venar som eg var med storparten av dagane gjennom tre år, og som eg framleis har god kontakt med. Eg fekk, saman med friluftlivsklassen, mi fyrste overnatting i snøhole. Eg fekk servert fire måltid kvar dag gjennom tre år. Eg hadde fora kor eg kunne ta opp det meste ein ungdom kan tenkja på. Og eg lærte meg, om enn ikkje då eg ynskte det mest, å setja pris på andre ostar enn Norvegia.

Ole Kristian Drange

Ein litt spesiell biologitime

Måndag 4. oktober vart det ein litt spesiell biologitime her ved Framnes.

Først kjøpte Odd Inge Austevoll ein sau av bonde og Framnes-nabo Siri Byrkjeland. Så troppa me forventningsfulle opp hos Siri, der me først fekk litt orientering.

Deretter vart me med ned i fjøset, henta sauen, og leia han til bekken – der Maria fekk æra av å skyte med skytemaska.

Odd Inge spretta opp buken, tok ut innvollane og fortalde om det han gjorde. Etterpå vart sauen flådd. Det var eit ausande regnvør, men det la

ingen dempar på stemninga.

Etterpå tok underteikna (Jostein Moldsvor) med seg hovudet og innvollane til biologirommet, der me blåste opp lungene og dissikerte luftrør/lunger, hjerte, lever, nyre og tarmsystemet. Til slutt tok me ut augene og dissikerte dei òg.

Eg har fleire gonger dissikkert organ. Men dette var første gong eg har vore med på heile slakteprosessen. Det var lærerrikt både med slaktinga og å sjå samanhengen mellom organa. Dette var ein biologitime me vil hugse lenge!

Jostein Moldsvor



Lærer Jostein Moldsvor saman med elevane under dissikeringa.

Framnes – 60 år etter

Første gong eg var på Framnes var under krigen, Telavågfolket var der då. Så var det skulevinteren 49/50. Etter det budde eg på Framnes frå 1950 til eg reiste i militæret i 1953. Eg gjekk i målarlære i Norheimsund (onkel Hans Sandvoll var styrar, derfor denne kontakten) Etter militæret budde me i Norheimsund til 1961. Den tida var eg mykje på Framnes.

Dette skulle vera eit minne frå skulevinteren, og dei er mange. Framnestida har hatt stor innverknad på livet mitt. På Framnes fekk eg gje mitt unge liv til Jesus (15 år). Her møtte eg Haldis, kona mi. Dei største hendingane i livet mitt opplevde eg på Framnes. Framnestida var med å forma meg. Her traff eg mange personar som har hatt stor verdi for meg seinare. Noko av grunnlaget for mi teneste i misjonen (25 år på Helgatun) vart lagt her. Det var på Framnes eg møtte utfordringar, fekk visjonar, møtte mange ulike personlegdomar. Å få vera i eit slikt miljø over tid har hatt mykje å seia for meg.

Elevstemna 2010

Hjarteleg takk for sist til dykk eg møtte på elevstemna i sommar. Gildt å møtast (30 stk). Me var nokre som ikkje hadde sett kvarandre på 60 år. Kulltreffet i Gamlesalen laurdag ettermiddag var ei kjempfin stund. Me hadde det store bilete av kullet og las opp alle namn på elevar 49/50. Koseleg var det å få besøk av Randi Aa og Hanna Svarstad. Takk ti dykk, det var gildt å treffast. Festen om kvelden, leia av Per Helleve, var verkeleg ein festkveld, rikt og fint program.

Så var det skulevinteren

Eg var berre 15 år då eg byrja på Framnes. Så eg var helst ung. Paol Magne Storebø var eit par månader yngre. Noko teoretikar var eg ikkje, så det vart praktisk line i smia med metallsløyd. Sanneleg har det kome vel med seinare, det eg fekk læra av lærar Alfred Aa og medelevar. Kvar gong me slår på lyset i stova blir eg minna om Framnes. Taklampa og to lampettar laga eg i smia. Apropos praktiske fag, stundom kunne ein nok merka ein ”standsforskjell” mellom praktisk og teoretisk. Jamt over var det ein god tone og godt kameratskap. Me kom nær innpå kvarandre på internatet. Etter notidas målestokk hadde me strenge reglar, men det var ikkje stor opposisjon mot det.



Ingvard Sandvoll

Me diskuterte det litt på elevstemna i sommar, at det var ei stor glede å få pakke heimanfrå. Ei heimreis kosta mykje for mange, og skulen var streng då det gjaldt heimreis. Juleferien var einaste heimreisa for dei fleste av oss. Skuletur med båten Brand 5 var ein triveleg tur med Bernt Fauske som kaptein.

Utanom undervisninga og var det viktig for personalet å peika på Jesus. Morgonandakt og kveldsmøte var viktige samlingar. Kall til frelse lydte klårt gjennom skulevinteren. Mange fekk bøya kne og ta imot Jesus som Herre og Frelsar. Hugsar godt den kvelden på Vonheim då eg kom med. Nokre av dei vaksnare elevane hadde tala med nokon av oss (dei skjøna me var kalla), dei fekk med lærar Brigte Våge, og me var fleire som bøygde kne attmed krakkane på rom 208 den kvelden. Den kvelden vil sitja i minne mitt så lenge eg lever. Huslydtekveldane, med mykje folk frå bygdene i kring, med kjende talarar, song av elevkoret, med mykje god musikk er vakre minne. Kameratsamværa var fine kveldar, sjølv dei eldre lærarane var med på leik og moro.

Internatet

Det er stor skildnad på dagens internat og då. I Vonheim (guteinternatet) var det matsal, skulekjøkken, daglegstover, lærarleiligheter, Gutane budde i 2. og 3 etg. På gangen var det utslagsvask, vedfyrt etg.ovn. Do var det i uthuset ved sida av ved og grishuset. Same forholda var det i dei fleste heimane me kom frå, så dette

var me vane med. Apropos etasjeomn. Ein burde sikra seg ein til å støtta omnen dersom det bryggja på til litt kraftig aktivitet. Ei stund var det på moten å hiva vaskevassfat med vatn etter kvarandre. Det kunne bli vått på golvet i gangen før Brigte kom og roa oss ned. Det var etter ei slik bløyte eg tok ut etter avsendaren som sprang inn på rommet, kleiste att døra, men foten min traff ein av fyllingane som var i svakaste laget. Eg måtte ein tur til styraren.

Eg nemde vedfyring. Vaktmeisteren hadde over 20 omnar han skulle fyra opp i om morgonen.

Hugsar du siste kvelden på Framnes? Etter sjølve avslutningsfesten samla alle elevane og heile personalet til syskenring i gymnastikk foredragsalen. Det var song, vitnemål, ei siste formaning om å gje seg over til Gud. Og til slutt song vi ”I som er givet”. Etter ein fin skulevinter med godt fellesskap var det slutt. Stavangerbåten var ventande. Nokre reiste med buss, andre med båt. Det vart mykje takk og mange tårer.

Sjølv reiste eg rett til Kvamskogen, til Solhovden Fjellstove som Indremisjonssamskipnaden eigde, men som Framnes dreiv. Der vart eg til hausten. Der byrja mi karriere i Samskipnaden. Eg var ein av dei siste som arbeidde der, og den fyrste som tok til på Helgatun Ungdomsheim. Der vart eg verande i 23 år.

Ingvard Sandvoll

Namn: Alder: 59 år
Bustad: Breimyråsen
Sivilstand: Gift, 4 born
Aktuelt: Nytt år på Framnes.

– Eimund, fortel litt om deg sjølv!
 – Eg hadde mi barndomstid på Solsvik som ligg heilt nord på Sotra. På 1970 talet studerte eg realfag med faga kjemi, biologi og matematikk ved universitetet i Bergen. I Bergen trefte eg kona mi Helga frå Voss, og vi gifta oss i Vangskyrkja i 1978. Bergen vart heimbyen vår nokre år før vi flytta til Kvam. Vi har fire barn, to gutar og to jenter og har no hus i Vikøy der vi bur fint til med utsikt over Framnes og Hardangerfjorden. Områda her omkring er godt eigna til friluftsliv, så vi har hatt mange fine opplevingar ute i naturen. Dessutan er ikkje vegen lang til å gå i fine skiløyper om vinteren, så "strilen" er etterkvart blitt ein ihuga skiløpar.

– Når kom du til Framnes?
 – Eg kom til Framnes hausten 1982 og arbeidde i folkehøgskulen fram til Framnes vart vidaregåande skule i 1996. I folkehøgskuletida hadde eg permisjon i to år og var då lærar ved Øystese gymnas.

– Kvifor vart det Hardanger og Framnes for deg?

– Etter endt utdanning, var eg nokre år lærar i Bergen. Då korkje kona mi eller eg er "bymenneske", såg vi oss om etter noko anna. Då det vart ledig stilling på Framnes, søkte eg og fekk stillinga.

– Kva underviste du i den gongen?

– I folkehøgskuletida underviste eg først i friluftsliv. På den måten vart eg godt kjent både i nærområdet og andre fine turområde i Kvam. Då datateknologien byrja å gjera seg gjeldande i større grad, vart eg engasjert i det. Eg underviste også mange år i kroppsøving.

– Fortel litt om korleis du opplevde åra som folkehøgskulelærar.

– I folkehøgskulen levde vi tett på kvarandre, både personalet og elevar. Elevane var på skulen i helgene meir enn no. Det var då faste opplegg med elevkveldar og huslydkveldar. Heile personalet og familiane tok aktivt del på desse kveldane.

– Korleis har du opplevd omlegginga på Framnes til vidaregåande skule?



Eimund Solsvik likar å halda seg i form. Han er svært ofte å sjå ute i det fri.

– Omlegginga frå folkehøgskule til vidaregåande skule vart for mange ei vanskeleg tid. Mange i personalet måtte seiast opp, og det er jo alltid problematisk. Eg hadde både fag og kompetanse til å undervisa i vidaregåande skule, så for meg og familien min vart ikkje endringa så stor som for mange av kollegaene mine.

– Kva er dei største skilnadene på skulen som folkehøgskule og vidaregåande?

– I vidaregåande skule skal vi føra elevane fram til eksamen. Dei faglege krava kan derfor ikkje heilt samanliknast med folkehøgskulen. Dessutan har vi dei fleste elevane i tre år og vert såleis godt kjende med dei. Elevtalet er mykje større i den vidaregåande skulen, ca 260. Vi er og eit mykje større personale enn i folkehøgskuletida.

– Har du undervist andre stader enn Framnes?

– Då vi budde i Bergen, var eg tre år ved Hop ungdomsskule, og som tidlegare nemnt var eg i folkehøgskuletidato år ved Øystese gymnas.

– Kva fag underviser du i no?

– I dag underviser eg i matematikk, kjemi, naturfag og biologi.

– Opplever du at elevane er engasjerte i

faga dine?

– Vi har veldig mange flotte og motiverte elevar på Framnes. Eg opplever lite problem med uengasjerte elevar. Oftast blir tida for knapp til å hjelpa alle godt nok.

– Kva råd gjev du elevar som synest realfag er vanskeleg?

– Eg har i fleire år hatt ekstra timar med elevar som strevar med realfag. Når eg ser tilbake, er det dei elevane og dei timane eg hugsar best. Det er viktig å oppmuntra slik at ein ikkje misser motet sjølv om ein strevar med fag.

– Kva gjer du for å motivera deg sjølv som lærar år etter år?

– Eg er veldig glad i friluftsliv og går mykje på turar i vakre Hardanger. Det gir både psykisk og fysisk overskot. Eg bur slik til at eg har naturen som næraste nabo og er heldig på det viset. Dessutan gir elevane motivasjon. Det å hjelpa elevar til å nå måla sine, er ein viktig motivasjonsfaktor.

– Takk for samtalen og lukke til vidare med lærargjeringa!

Magne Kolstad



På trammen foran ungdomshuset med noen av ganster-gutta. (f.v.) Edinson, meg, David og Esteven.

En reise for å lære, leve og oppleve

Som en av mange Framneselever er jeg eventyrlysten, interessert i andre kulturer og har lyst å gjøre verden til et bedre sted.

Derfor valgte jeg å bruke et år av livet mitt på å gå på Hald internasjonale senter og reise til Peru. Med nylært kunnskap om kulturforståelse og spansk-norsk ordboken i sekken, var jeg klar for avreise i oktober 2009. Jeg hadde forberedt meg på at det kunne være vanskelig å tilpasse seg til en ny kultur, men jeg opplevde ikke kultursjokk og likte meg der nede fra første stund. Som utsending fra både Fredskorpset og Strømmestiftelsen følte jeg meg trygg på at jeg kom til å komme i en god organisasjon, og det gjorde jeg virkelig. Jeg jobbet i en NGO som heter Tierra de Niños som har prosjekter flere steder i Peru.

Selv jobbet jeg i en utkant av Lima som heter Pachacutec. En liten by av skur og hus satt ut i ørkenen. Her har ikke alle strøm, få har vann, og sanden flyger i vinden. De som bor her har flyttet fra provinsene for å søke tilflukt og jobb i hovedstaden. De er hardtarbeidene og lever under marginale forhold. Jeg var heldig og fikk være med å se og hjelpe i de forskjellige prosjektene Tierra de Niños driver. De jobber i alle instansene i samfunnet; myndighetene,



Vi skal ha juleavslutningsshow med ungdomshuset og går derfor i tog først for å få folk til å komme og se på. (Camilla Isbrekken i forgrunnen, min teamvenninne, vi jobber og bor i lag)

utdanning, kultur og familiehelse. Uten så mye forkunnskaper om spansk gjorde språkproblemer det vanskelig for meg å jobbe med voksne. Derfor oppholdt jeg meg mest i en barnehage og i et barne- og ungdomsprosjekt. Det var interessant og utfordrende å se hvordan barna er her i Pachacutec. Noen er ekstremt aggressive, andre sier ingen ting, noen trenger nærhet hele tiden, andre takler ikke å få en klem. Jeg har selv sett husene de kommer fra og hørt om virkelighetene som finnes her. Men tross mye motgang, vold og fattigdom, er Pachacutec stadig i vekst og utvikler seg til det bedre. Mange her har et enormt pågangsmot, og med litt hjelp bygger de seg ut av fattigdommen sakte men sikkert.



Ungene i Pachacutec har hofter som svinger seg til latinorytmene fra de er små.



Geraldine maler like godt med fingrene som med pensel, siden det bare er 7 pensler i klasserommet.



Framme frå venstre: Åshild Lyngset, Ellen Haarr, Tormod og Bjørg Thomsen, Hans Magne Ådland, Helene, Anne og Hilde Hushagen. Bak frå venstre: Ingeborg, Håkon og Margrete Haarr, Kristi Onarheim og Magnar Aase. Dei to små på fanget i bakre rekkje: Anlaug Ådland og Ingunn Lyngset.

« ... eit flaggskip i den kristne folkehøgskulen ... »

På 75-årsfesten i 1972 var det statens tilsynsmann for folkehøgskulen, Stein Fossgard, som nytta dette uttrykket om Framnes.

Han meinte Sagavoll og Framnes var dei to flaggskipa i den kristne folkehøgskulen. 1970-åra var truleg ei stordomstid i heile den kristne folkehøgskulen. Skulane hadde god elevsøking, nye bygg vart reiste, nye undervisningstilbod kom på plass. I det heile var det eit skuleslag med tru på seg sjølv og med optimisme for framtida. Det var dette skuleslaget eg kom til som ung og nyutdanna lærar i 1971. Så vert denne vesle artikkelen om Framnes i 1970-åra mykje sjølvopplevd frå dei første Framnes-åra mine.

Fem ting minnest eg og vurderar som viktige for Framnes desse åra:

Nytt namn

I samband med 'Forsøksplanen for skuleverket' i 1959 hadde departementet «stole» skulenamnet vårt. Ungdomsskule vart nemninga på dei nye årstrinna frå 7. - 9. trinnet i den obligatoriske grunnskulen. Me tykte det var sårt at andre slik skulle ta noko av det som sidan 1893 hadde vore namnet og identiteten til skuleslaget vårt. Men me måtte finna oss i det.

Eg minnest at me som arbeidde på Neset, var samde om at me skulle feira 75-årsjubileet som 'ungdomsskule'. På Framnes førde dette til grundige drøftingar av kva skule me eigentleg ville vera. Ungdomsskulen med røter til Christopher Bruun, Kristen Kold og Asbjørn Knudsen var vel eigentleg folkehøgskule? Seinare Framnes-rector Halldor Sandvin skreiv ein artikkel der han konkluderte med at «kristeleg

ungdomsskule er folkehøgskule». Artikkelen vart prent i Ljosglytt sitt julenummer i 1973. Me var samde, og fann oss etterkvart til rette med nemninga folkehøgskule. Men drøftingane knytt til namneendringa meiner eg var nyttig for både Framnes og heile skuleslaget.

Det vart aldri noko virak rundt denne namneendringa. Den gjekk helst føre seg i det stille. Av gamle Ljosglytt-årgangar ser det ut til at namneskiftet skjedde sommaren 1973. Då reviderte elevlaget lovene sine og førte inn namnet 'folkehøgskule' i dei nye lovene, riktignok med ungdomsskule i parentes. Frå skulestart hausten 1973 var me alle ein del av Framnes folkehøgskule.

Nye bygningar

Lenge hadde dei snakka om at undervisningsbygga på Framnes ikkje var



Lærarane Brigte Vaage og Jostein Lima ved Framnes folkehøgskule sluttar etter oppnådd aldersgrense. Dei fekk velfortent takk og minnegåve under ein avslutningsfesten i 1973.

gode nok. Det var trong for fornying. Eg minnest dei 'gamle' lærarane fortalde om lange austavindsperiodar då dei måtte ha ytterklede på i klasserommet både elevar og lærarar. Dei gamle bygga, nokre av dei frå tida like etter 1911, var ikkje tenlege til den undervisninga Framnes ville gi. Noko nytt måtte til!

Rektor Rolf Onarheim var den som tok opp dette arbeidet. Til skulestart hausten 1971 fekk me ta i bruk eit nytt stort undervisningsbygg. Her var det administrasjonsavdeling, spesialrom for ulike fag, symjehall og vanlege klasserom. Huset kom på 3,6 millionar kroner, i tillegg til oml. 200 tusen til inventar. Bygget vart vigsla på elevstemna i juni 1971. Så godt som all undervisning var no samla i eit bygg. Men Gamlesalen sto att, den einaste bygningen som står att frå 1897.

Nye liner

«Innanfor den referanseramma som lova for folkehøgskulen dreg opp, er fridomen til kursopplegg og emneval stor. Og i samband med dette har skulen mange tilbod til elevane», skriv Nils Svarstad i 75-årskriftet. Framnes hadde vore tidleg ut med dei praktiske linene, kanskje som ein av dei første folkehøgskulane i landet. Nybygget (og rekruttering av nye lærarar, skal me sjå seinare) la tilhøva til rette for nytenking. Men alltid var det innanfor dei rammene som folkehøgskulelova og tradisjonen frå fortida gav.

Hausten 1971 starta Framnes med idrettsline og musikkline. Dette var eigentleg nyskapingar på Neset, sjølv om det tidlegare år hadde vore elevgrupper som hadde arbeid

mykje med desse fagområda. No vart det 'teoriliner med hovudvekt på ...', dvs eigne klassar med sine fag, eigne fagplanar, nye spesialrom og anna spesialutstyr. Seinare kom miljøvernline, kristen ungdomsleiaropplæring («Vegvisargruppa»), eigne tilbod for elevar som var ferdige med vidaregåande skule, for å nemna noko. Rektor Onarheim erkjende at pedagogikk ikkje var hans fagområde. Men som den dyktige leiaren han var, nytta han det personalet hadde av ressursar til slik planlegging. Ei pedagogisk nemnd vart nedsett. Den arbeidde både med idear om ulike nye lineval, og med rekruttering av lærarar i samsvar med det.

Nye lærarar

Hausten 1971 kom tre nye lærarar til skulen: vevlærar, idrettslærar og musikk lærar. To av dei var almennlærarar med spesialutdanning i idrett og musikk. Sommaren 1973 slutta to lærarar som hadde vore ved skulen sidan før krigen: Jostein Lima og Brigte Vaage. Dei representerte ein god tradisjon med røter heilt attende til den første skuletida. (Samla hadde dei vore på Framnes i 77 år!) Lima var teolog av utdanning, Vaage filolog. Dei to som kom i deira stad, var utdanna teolog med norsk og historie, og realist med naturfag, matematikk og fysikk i fagkrinsen.

Slik fekk skulen lærarar med spesiell utdanning for å arbeida med dei nye linene, idrett, musikk og seinare kristen leirtrening. Skulen var oppteken av at den skulle vera allmenndannande, i motsetning til ein 'fag-skule'. Det var

(og er) folkehøgskulen sin eigenart som folkehøgskule. Og det var i samsvar med den gamle ungdomsskuletradisjonen. Dei nye lærarane var både spesialutdanna for dei ulike faga, men med solid utdanning i det me gjerne kalla «folkehøgskulefaga»: norsk, samfunnskunnskap, historie, song og musikk, osb.

Me opplevde å komma til ein tradisjonsrik skule. Slik tradisjon kan binda og passivisera. Men Framnes-tradisjonen i den tida hadde namn og ansikt – dei gamle lærarane som tok imot oss nye og inkluderte oss i ein arbeidsfellesskap. «Eg har vore kollega med både gamlelærarane frå skulen var ny, og med dykk – de treng ikkje skjemma oss!» sa Brigte Vaage til oss.

Misjonsprosjektet

Misjonen si store sak var med på Framnes frå skulestarten. Misjonskulen til det nye Kinamisjonsforbundet starta på Framnes i 1898. Fram til indremisjonen overtok skulen frå Brandtzæg i 1911 vart misjonærene utdanna på Framnes. Det vart sagt at det var spesiell høgtid når Brandtzæg fortalde frå tida si som misjonær i Kina. I alle år har tidlegare elevar come til skulen og fortald om misjonsarbeidet dei hadde vore ein del av ein eller annan stad i verda.

Hausten 1972 var Madagaskar-misjonær Torfinn Hestad vikar på Framnes nokre månadar. Han tende ein glød for misjonen i elevflokket. Det første misjonsprosjektet vart for NMS og gjekk til kyrkjebygging i vekkingsområda på Madagaskar. Sidan har alle elevkulla hatt sine prosjekt for ulike misjonsorganisasjonar. Kva det har gitt av pengar til misjonen kunne ein kanskje telja i hop. Det vert eit stort tal. Men viktigare er kva det har gitt av kunnskap, engasjement og aktivitet for misjonen. Eg trur dette har hatt mykje å seia alle desse åra frå starten i 1973.

«Framnes i 1970-åra», var oppgåva frå elevlagsstyret til meg. Det er merkeleg for meg å tenkja attende på, ungdommen som den gongen kom til Framnes med ei klår oppleving av eit kall til teneste, formidla av rektor Onarheim. Onarheim fekk 9 rike år på Framnes. I 1975 overtok Halldor Sandvin og var Framnes-rector til sist på neste tiår. Men det vert ei anna historie.

Nye førsteklasingar på Framnes hausten 2010

IA - Studiespesialisering

Ole-André Hauge Aasgård, OSTEREIDET
Julie Roterud Amundsen, MOELV
Ingvild Bjelland, ØYSTESE
Lena-Henriette Bjerkreim, ÅKREHAMN
Scott Bjørnstad, STRUSSHAMN
Sondre Bø, RANDABERG
Ida Kristin Flatmo, MOLDE
Oddrun Helen Gangsøy, VESTREVIN-
NESVÅG
Maria Halleraker, GEILO
Ingvild Heggholmen, HAUGLAND-
SHELLA
Martin Hetlesæter, STORD
Ingrid Lovise Goa Hugdal, LER
Ingvild Kleven, NORHEIMSUND
Kamilla Amanda Emilie Lien, HØNEFOSS
Inga Lill Nord, BREMNES
Katrine Nygård, BREMNES
Marte Nytevit, TYSSE
Karoline Sørfonn Pedersen, BRATTHOL-
MEN
Henning Rød, VALESTRANDSFOSS
Håkon Råen, UTNE
Sylvia Elaine Seim, STRAUME
Nils Andreas Smith-Erichsen, HEMSEDAL
Christina Kristoffersen Stava, ÅKRE-
HAMN
Åsmund Drivenes Sæbø, STRAUME
Henrik Sørås, ESPELAND
Hanna Tjøstheim, ÅKREHAMN
Åsta Mari Totland, FOLDROYHAMN
Ruben Vedå, VALESTRANDSFOSS
Kristis Mikus Zaurins, ÅLVIK

IB - Studiespesialisering

Mette Algrøy, FJELL
Frida Berge, ØLVE
Marte Brynsmo Bjella, JONDAL
Helene Bjørnstad, STRUSSHAMN
Ivar Toen Bøe, BREISTEIN
Ingrid Børsheim, STRANDEBARM
Elin Dale, GLESVÆR,
Andreas Gjerde, OMASTRAND
Thea Gjesdal, HAUKELAND
Christopher Dávøy Holth, FJELL
Hanna Johnsen Horpestad, RØYNEBERG
Kristian Tverli Iversen, FJELL
Jostein Myklebust Johannessen,
LONEVÅG
Anna Kristense Lund, ÅKREHAMN
Thivia Maria Magerøy, TRONDHEIM
Miriam Minde, HAUKELAND
Caroline Moland Naterstad, SEIMSFOS
Sindre Nyborg, TØRVIKBYGD
Anne-Kjersti Omdal, KYSNESSTRAND
Eirik Opheim, INDRE ARNA
Rambjør Rebekka, MOSTERHAMN
Helene Randa, SÆBØVÅGEN
Roald Arnevik Renså, NESTTUN
Karoline Lovise Enstad Sandvik, RÅDAL
Edvard Skeidsvoll, LONEVÅG
Tobin Joseph Sletten, FREKHAUG
Mariann Steine, STRANDEBARM
David Steinsland Stølen, TALGJE
Elise Sætre, MOSTERHAMN
Amalie Talberg, AUSTRHEIM
Nicolai Schulstad Tysnes, LUNDE-
GREN

IC - Idrett

Daniel Bjørndal Almberg, HAUKELAND
Solvor Jondahl Alvestad, SULITJELMA
Simon Austevoll, NORHEIMSUND
Inga Kristine Birkeland, LEBESBY
Hege Dale, STOREBØ
Roger Dale, STOREBØ
Elisabeth Myrliid Eide, EIKELANDSOSEN
Martine Eliassen, BEKKJARVIK
Maria Espelid, TURØY
Eric Exelby, SALHUS
Morten Granerud, JAR
Erlend Heimark, LODDEFJORD
Amalie Fjell Helleland, DIMMELSVIK
Solvor Husveg, KLEPPE
Thomas Jelsa, JELSA
Johan Kringlebotten, ETNE
Tobias Kristensen, NORHEIMSUND
Elisabeth Kristoffersen, VEDAVÅGEN
Kristian Vik Lundekvam, BEKKJARVIK
Andrea Misje, MISJE
Tørres Neverdahl Nordbø, TAU
Ingebjørg Opheim, SEIMSFOS
Mathias Opsahl-Engen, NORHEIMSUND
Ole Petter Rabben, BEKKJARVIK
Benjamin Andreas Røen, ÅRLAND
Daniel Solbakk, FLAKTVEIT
Kjell Martin Solsvik, RONG
Tomas Stenevik, BEKKJARVIK
Torgeir Tislevoll, SANDNES
Simon Selvik Undal, NORHEIMSUND
Øystein Wigestrang, SAND

Elevstemnet 2011

Dato for neste års ELEVSTEMNET er fastsett til 17.-19 juni 2011.

Denne helga ynskjer me alle "framnesvener" velkommen til dagar fylt av minne, moro, godt fellesskap, god mat, musikk og bibel.

Det er ei heilt spesiell stemning på Framnes-halvøya desse dagane, gjensynsgleda er stor og praten går høglydt over alt på tunet. Me håpar det vert god tid for jubilantane og andre å møtast og mimra. Elevlaget oppfordrar alle jubilantar om å allereie no spre budskapet om denne helga i juni, og laga plass i timeplanen til å vera med.

Bruk gjerne telefon, mail, brev, Facebook m.m til å nå ut til dei kullingane du gjekk saman med og avtal å møtast på Framnes i juni 2011. Meir informasjon vert lagt ut på www.framnes.vgs.no i løpet av våren.

Jubilantar 2011

5år – russekull 2006
10år – russekull 2001
20år – 1990 /91
30år – 1980 /81
40år – 1970 /71
50år – 1960 /61
60år – 1950 /51

Spesielt inviterte er også tilsette ved Framnes kr vgs/Framnes fhs gjennom alle desse åra.

På elevstevnet vert det sett av tid til årsmøte. Elevlaget treng deg som ynskjer å vera med i styret og gjera eit arbeid for skulen. Ta kontakt om du ynskjer meir informasjon.

Om du har gode forslag ,eller vil hjelpa oss med å finna fram til jubilantar ? Ring eller send mail til Linda A Lindås (leiar) 97 52 57 17 / gladfjes@yahoo.com eller ta kontakt med skulen.

Framnesbasaren 2010

Den årlege Framnes-basaren gjekk av stabelen laurdag 6. november. Nytt av året var at me flytta basaren opp i peisestova, og ikkje i gymsalen slik det har vore tilegare år. Og det trur me var suksess. Mindre arbeid å organisere før basaren, og mindre å rydde etterpå. Og det var fullt hus og stor stemning.

Skulepresten Arne Opsahl-Engen hadde andakt, og Geir Johnny Undal stod for trekkinga slik han har gjort kvart år! Og barnekoret Mini-Shine frå Norheimsund song.

Trekningslista er lagt ut på Framnes si heimeside. Det kom inn ca. kr. 68.000, og det er me takksame for. Pengane skal gå til elevretta tiltak ved Framnes, så no ventar me berre på søknader til gode prosjekt!

Tusen takk til Framnes-foreninga som også i år har gjort ein kjempeinnsats!

Velkommen til Framnes!